



| | |
|-----------|-----------------------|
| Utval: | Formannskapet |
| Møtestad: | Kantina, Kommunehuset |
| Dato: | 09.10.2007 |
| Tid: | 13:00 |

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

| Saksnr | Innhald | Arkivsaknr |
|---------------|---|-------------------|
| PS 07/73 | Godkjenning av protokoll | |
| PS 07/74 | Referatsaker | |
| PS 07/75 | Kompetanseutviklingsplanar for barnehagane i Midsund 2007 - 2010 | 2007/617 |
| PS 07/76 | Oppretting av komite : framtidig barnehagestruktur i Midsund kommune | 2007/619 |
| PS 07/77 | Søknad om kjøp av kommunal grunn, gnr. 48 bnr. 85 | 2007/621 |

Midsund, 04.10.07

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 07/73 Godkjenning av protokoll

PS 07/74 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/617-1

Arkiv:

Saksbeh: Trygve Brunvoll

Dato: 28.09.2007

Saksframlegg

Kompetanseutviklingsplanar for barnehagane i Midsund 2007 - 2010

| Utvalsak | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 07/75 | Formannskapet | 09.10.2007 |

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtar Kompetanseutviklingsplanar for barnehagane i Midsund – 2007 – 2010 i tråd med innhaldet i saka.

Saksutgreiing:

Kompetanseplanen 2007 – 2010 for barnehagane i Midsund byggjer på Rammeplan for barnehagen og Kunnskapsdepartementet sin strategi for barnehagesektoren for perioden 2007 – 2010.

Målet med strategien er å styrke kompetansen til dei tilsette innanfor prioriterte satsingsområde. Gjennom dette arbeidet vil ein og styrke barnehageeigar si rolle og kommunen som barnehagemynde si rolle i arbeidet med kompetanseutvikling.

Frå Kunnskapsdepartementet blir følgjande område prioritert:

- Pedagogisk leing
- Barns medverknad
- Språkmiljø og språkstimulering
- Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

I tillegg til desse områda skal ein sette fokus på utviklingstiltak for å betre tilbodet til barn med nedsett funksjonsevne og barn med andre særskilte behov.

Kompetanseutviklingsplanane for Midsund kommune har innarbeidd dei fire hovudområda som gjennomgåande for dei fire åra.

I tillegg har ein, ut frå tilbakemeldingar kring dei einiskilde barnehagane sine behov for kompetanseheving, lagt inn tiltak som ein lokalt ønskjer å prioritere.

I arbeidet som har vore gjort har alle dei fem barnehagane vore med og lagt grunnlaget for planane.

Sjølv om planane legg rammer for kompetansehevinga i barnehagane, vil ein måtte ta omsyn til sentrale eller lokale føringar som kan gjere det naudsynt å justere planane etter dette.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kompetanseheving krev ressursar. Gjennom kompetansemidlar får Midsund kommune kr 29755 gjennom søknad til Møre og Romsdal fylke.

Med den aktiviteten som kompetanseutviklingsplanane legg opp til, vil beløpet kommunen får vere for lite.

Barnehagane må difor sjølv nytte midlar til dette formålet. Dette vil oftast vere utgifter til reise og vikarar.

Dagfinn Aasen
rådmann

Trygve Brunvoll
Leiar oppvekst og kultur

Vedlegg (prenta): Kompetanseutviklingsplanar

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/619-1

Arkiv:

Saksbeh: Trygve Brunvoll

Dato: 01.10.2007

Saksframlegg

Komite : ”Full barnehagedekning i Midsund kommune.”

| Utvalsak | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 07/76 | Formannskapet | 09.10.2007 |

Forslag til vedtak:

Med bakgrunn i krav om ein konkret plan for ein permanent barnehage med plass for alle barna som no er i midlertidig ordning i Raknes barnehage, avdeling Bygdheim, opprettar formannskapet ein komite - ”Full barnehagedekning i Midsund ” med følgjande mandat :

Komiteen legg fram forslag til løysingar for ein permanent barnehage , der ein vurderer kvar ein slik barnehage bør liggje, bygningsmessige alternativ og kva konsekvensar alternativa vil få med omsyn til økonomi, personal og i høve forholda for brukargruppa.

Komiteen rapporterar til formannskapet i desember og legg fram endeleg forslag for formannskapet i februar.

Saksutgreiing:

I sak 07/43 ga Kommunestyret formannskapet fullmakt til å iverksette nødvendige tiltak for å imøtekomme behovet for fleire barnehageplassar i kommunen frå hausten 2007.

Formannskapet tok forslaget om avdeling på Bygdheim, knytt til Raknes barnehage, til orientering i sak 07/66.

Gjennom oppretting av eiga avdeling på Bygdheim med 18 plassar, har ein no full barnehagedekning i Midsund.

Den nye avdelinga på Bygdheim er ei midlertidig ordning .Ein får vanleg driftstilskot frå og med opningsmånad.

Tilskot knytt til desse faste plassane: ”Tilskudd til faste plasser i midlertidige barnehagelokaler” krev ein konkret plan for ein permanent barnehage med plass for alle barna.

I den samanheng ønskjer ein at formannskapet utnemner ein komite som arbeider med å finne fram til løysingar kring spørsmålet om ein permanent barnehage.

Målet må vere å finne forslag til optimale løysingar, der ein vurderer kvar ein barnehage bør liggje , bygningsmessige alternativ og kva alternativa vil få for konsekvensar økonomisk, personalmessig og i høve barna som skal vere der.

I tillegg til dei politisk valde medlemmane i komiteen bør og aktuelle arbeidstakarorganisasjonar vere representerte, i tillegg til foreldrerepresentantar.

Dagfinn Aasen
rådmann

Trygve Brunvoll
rådgjevar skule m.v.

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2007/621-2
Arkiv: gnr. 48 bnr.85
Saksbeh: Arnel Colic
Dato: 02.10.2007

Saksframlegg

Søknad om kjøp av kommunal grunn, gnr. 48 bnr. 85

| Utvalsak | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 07/77 | Formannskapet | 09.10.2007 |

Forslag til vedtak:

Karsten Misund gnr. 48 bnr. 58 får kjøpe eit tilleggsareal på om lag 245 m² frå Midsund kommune gnr. 48 bnr. 85.

Arealet skal brukast til utviing av eksisterande garasje.

Saksutgreiing:

Karsten Midsund gnr. 48 bnr. 58 søkjer, søknad registrert hos Midsund kommune 02.10.07, om å kjøpe eit stykke av den kommunale grunnen gnr. 48 bnr. 85. Storleiken på det omsøkte arealet er på om lag 245 m² og skal brukast til utviing av eksisterande garasjen.

Dette omsøkte arealet er i kommuneplanen for Midsund tenkt som ein tilkomstveg til parsellen gnr. 48 bnr. 2, eigar Bjørn Ugelvik.

Samtidig søker Bjørn Ugelvik, i sak 07/589, om frådelling av den nemnde parsellen frå gnr. 48 bnr. 2 som grenser mot eigedomen til Karsten Misund gnr. 48 bnr. 58. Kjøparen er Karsten Misund.

I samband med dette har teknisk i lag med Karsten Misund vore ute i terrenget og diskutert dei forskjellige alternativa for å finne den beste løysninga med tanke på tilkomsten til den omsøkte parsellen 48/2 og med tanke på planlagd utviing av den eksisterande garasjen på gnr. 48/58.

Vurdering:

Teknisk har i dialog med Karsten Misund kommet fram til at den beste løysninga for alle partane vil vere at den omsøkte parsellen, i sak 07/589, frå gnr. 48 bnr. 2 får vegareal over eigedomen til Karsten Misund gnr. 48 bnr. 58, mens Karsten Misund gnr. 48 bnr. 85 får kjøpe det omsøkte arealet i frå Midsund kommune gnr. 48 bnr. 85, for utviing av garasjen.

Storleiken på vegarealet som den nye parsellen, frå gnr. 48 bnr. 2, vil da få frå gnr. 48 bnr. 58 er om lag 135 m², og arealet som Karsten Misund får kjøpe frå Midsund kommune gnr. 48 bnr. 85, i samband med utviing av garasjen, er om lag 245 m² (sjå vedlagt kart over området).

Ut frå ovannemnde vil teknisk rå til at Karsten Midsund gnr. 48 bnr. 58 får kjøpe det omsøkte arealet frå Midsund kommune gnr. 48 bnr. 85.

Storleiken på arealet er om lag 245,0 m² og skal brukast til utviing av eksisterande garasje.

Dagfinn Aasen
rådmann

Arnel Colic
ingeniør

Vedlegg (prenta):

Kart over området

Vedlegg (uprenta):

Komplett saksmappe

Særutskrift går til:

Karsten Misund, 6475 Midsund